



Oddvard Måkestad  
Langafjellet 33  
5302 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/253 - 19/5376

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
20.02.2019

## Ber om fleire opplysningar vedkomande førespurnad om førehandskonferanse - gbnr 215/68 Eidsnes ytre

Tiltak: førehandskonferanse  
Byggjestad: Gbnr: 215/68 Eidsnesvegen 101  
Tiltakshavar: Oddvard Måkestad  
Ansvarleg søkjar:

Førespurnaden om førehandskonferanse inneheld ikkje nok dokumentasjon til at kommunen kan imøtekome førespurnaden.

Følgjande dokumentasjon er naudsynt:  
I innsendte skjema skal siste side fyllast ut.  
Kort utgreiing om eksisterande hytte skal rivast/byggast ut.

- kva du skal byggje: kart, teikningar og skisser
- kor stort du skal byggje: høgd, breidd, areal
- kva du skal bruke byggverket til
- om byggverket treng dispensasjon frå gjeldande regelverk og planar – i så fall kva forhold som treng dispensasjon
- informasjon om korleis du tenkjer å løyse veg, vatn, kloakk
- spørsmåla du ønskjer svar på i møtet

Meir informasjon og naudsynt skjema til bruk for førehandskonferanse finn du her:  
<https://www.lindas.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som kommuneplanen (KPA) er definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv) med særskilt omsynssone for fiske (kode 6300). Bruk av grunn er



fritidseigedom. Kommuneplankart samt rettleiande (kan ikkje nyttast direkte på eigedom i LNF-område)  
føresegn om spreidd fritidsbustad, pkt. 5.29-5.33.



Kommunen ber om ein tilbakemelding om de opprettheld anmodning om førehandskonferanse **innan 06.03.2019.**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

KPA, føresegn  
Godkjent\_KP\_Arealplankart\_2011-2023

**Mottakarar:**

Oddvard Måkestad

Langafjellet 33

5302

STRUSSHAMN